

**Vakt komande helg:**  
Ørjan Brattetveit  
Mobil  
**47 47 18 83**  
Sentralbord  
**56 53 03 00**  
E-post:  
redaksjon@avisa-hordaland.no  
annonse@avisa-hordaland.no  
abonnement@avisa-hordaland.no  
Internett:  
www.avisa-hordaland.no

**VÊRET**

|               |                                |       |          |                |                |                                |       |          |                |
|---------------|--------------------------------|-------|----------|----------------|----------------|--------------------------------|-------|----------|----------------|
| <b>Sola</b> ☀ | Opp kl. 07.08<br>Ned kl. 20.19 | I dag | I morgon | 07.04<br>20.22 | <b>Månen</b> 🌙 | Opp kl. 06.03<br>Ned kl. 17.06 | I dag | I morgon | 06.09<br>18.22 |
|---------------|--------------------------------|-------|----------|----------------|----------------|--------------------------------|-------|----------|----------------|

**I dag**  
Overskya og sluddbyger.

|                               |                                |                               |                               |
|-------------------------------|--------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|
| <b>Fredag</b><br>+1 ☁☀<br>*** | <b>Laurdag</b><br>+5 ☁☁<br>☁☁☁ | <b>Sundag</b><br>+2 ☁☀<br>*** | <b>Måndag</b><br>-1 ☁☀<br>*** |
|-------------------------------|--------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|

**Voss idag ikveld**  
☁☁ +5 ☁☁ +4/-1

**SMHI**  
© SMHI Grafik/Bulls

|  |                                 |   |
|--|---------------------------------|---|
| <b>Flo</b><br>Data fra Statens kartverk Sjø. Tnr 617 | I dag<br>kl. 10:03<br>kl. 22:36 | <b>Fredag</b><br>kl. 10:42<br>kl. 23:10 |
| <b>Fjøre</b>   | kl. 03:52<br>kl. 16:19          | kl. 04:30<br>kl. 16:54                  |



**VINNARAR:** 7. klassingane ved Bulken skule vann kunnskapstevlinga Vis med Avis. Framme frå venstre Kristian Skjeldal, Siri Byrkje Mjånes, Ingrid Rekve, John Olav Skorpen Honve og lærar Mary Hirth Klovning. Bak Even Steinsland og Svenn Einar Petterson.

# Bulken best på avis

**7. klasse** ved Bulken skule vann årets tevling i «Vis med Avis».

Bulken skule hadde flest rette svar i kunnskapstevlinga «Vis med Avis», og fekk flott diplom og ein sjekk på 1500 kroner av Hordaland.

Den årvisse konkurransen vert arrangert av lokalaviser og Avis i skolen for alle 7. klassingar.

Elevane les lokalavisa i ei veke og testar veka etterpå kunnskapen.

## Nyhende kvar dag

7. klassen på Bulken har nyhendeoppdatering kvar morgon når dei byrjar dagen.

Då startar dei dagen med kva som er nytt.

– Kvar dag presenterer elevane eit

nyhende som dei har lese eller sett på fjernsyn, fortel lærar Mary Hirth Klovning.

Både lokalstoff, nasjonalt og utanriksnyhende vert presentert.

– Dei siste dagane har elevane fortalt om raset som gjekk på stamvegen, det som skjer i Libya og elles om nære ting som skjer på Bulken, seier Hirth Klovning.

Mange av nyhende klipper elevane ut og hengjer opp på veggen.

– Det er knallkjekt med denne konkurransen, for der får me bruk for den kunnskapen me har om nyhende, meiner læraren.

## Lette spørsmål

Elevane synest spørsmåla til konkurransen var lette.

– Det var nesten for lett, meiner John Olav Skorpen Honve.

Elevane les Hordaland heime, nokre ser mest på bileta, medan andre les overskriftene.

– Eg synest det kunne vore litt meir sport i avisa, seier Skorpen Honve.

Dei er einige om at det er nok kultur og nyhende i avisa.

– Men litt filmmeldingar hadde vore kjekt å lesa, og meir om skulane rundt omkring, meiner læraren.

– Kanskje meir kryssord, meiner Kristian Skjeldal.

Klassen likar, i tillegg til å vera oppdatert på nyhendefronten, også å lesa bøker.

Ingrid Rekve og Siri Byrkje Mjånes synest serien om «4 venninner» er kjempespennande.

– Me har sikkert lese heile serien, seier Siri.

Gutane i klassen synest krim er spennande å lesa.

No held klassen på med å skriva ei science-fiction fortelling på engelsk.

Pengegåva skal brukast på klasseset til Bergen.

– Me har hatt elevbedrift og tent pengar, men no får me litt meir i kassen, seier læraren.

Turen til Bergen vert brukt til ulike ting, og er ei kjekk avslutning på barneskulen.

Til hausten byrjar klassen på Vangen ungdomsskule, og alle er einige om at akkurat det sikkert vert litt skummelt og mykje moro.

BRYNHILD STEINE | tekst  
DANIEL MELVE KVARME | foto  
redaksjon@avisa-hordaland.no